



Kvinnherad-delegasjonen i Lærdal med Lars Wang til høyre

Det årlege veteranbuss-treffet er avvikla i Lærdal og ein Scania frå Kvinnherad vann 1. premie i klasse 1970-74. Vinnarbussen har vore med i dette treffet 20 gonger og var beste buss frå 1970-talet både i 1998 og 2007. Den vart levert ny til HSD avdeling Sunde i 1974 fortel uskedelingen Lars Wang, ein av dei mest engasjerte entusiastane. Han og kollegene stilte også med ein annan buss i Lærdal, men den vart ramma av 5 år lang karantene etter premiering.



Lars Wang er ein stor entusiast med omsyn til veteranbussar

Vinnarbilen gjekk først i byruta til Bergen og seinare i vanleg rute og skulekøyring mellom Rosendal og Åkra fram til 1988, Då hadde den gått 500 000 kilometer.

Bussen er framleis i flott stand og nett som ny. Wang fortel til Grenda at det nesten ikkje er gjort noko med han.

85 bussar var med i treffet denne gongen, som neste år går på Hamar.